



SNAKK SAMAN

om
språk



ILLUSTRASJON: Jens K. Støve

Språkleg mangfald er ein ressurs.

Løft fram erfaringane elevane har med språk og bygg vidare på dei når de skal utforske nynorsk.

» **Gje elevane gode opplevingar med det nynorske språket**

» **Etabler ein klasseromskultur med plass for samtale om språk**

Snakk saman om ord og uttrykk som dukkar opp – frå ulike språk og dialektar. Gjer språklege variasjonar og det språklege mangfaldet til faste samtaleemne i klassen.

» **Bruk kompetansen i personalet**

Set av tid til å hjelpe kvarandre og dele idear, tekstar og erfaringar.

» **La elevane møte nynorsk kvar dag og i ulike samanhengar**

Nynorsk er eit bruksspråk, og elevane må få erfare at det fungerer i kvardagen, til dømes gjennom høgtlesing, song og musikk, meldingar på tavla, vekeplanar og på læringsplattforma. Barna må bli eksponerte for eit språk for å verte gode i det.

» **La elevane leike med språket og utforske det**

Barn er ordsamlarar! La dei få gå på leit etter ord i nynorske tekstar – morosame ord, vanskelege ord, fine ord og typiske nynorske ord. Skriv gjerne dei vanlegaste nynorske orda på lappar, og heng dei opp på veggjen i klasserommet (t.d. eg, dei, ikkje, heim, høyre, helsing, frå, draum, auge og kjærleik).

» **La elevane eksperimentere med skriving på nynorsk**

På barnetrinnet skal du rose elevane når dei prøver seg som nynorskskrivarar, og ikkje leggje mykje vekt på grammatikk og rettskriving. Det er lov å prøve seg fram!

» **Inkluder foreldra**

Informer dei om den ressursen nynorsk kan vere for barna – i form av mellom anna språkleg medvit og tilgang til den rike nynorske barnelitteraturen. Oppmod dei til å støtte og motivere elevane i oppstarten med nynorsk.

Elevar som får ei leikande og god nynorskoplæring på barneskulen, har eit fortrinn når dei skal skrive lengre og meir krevjande tekstar på ungdomsskulen.

Råda er utarbeidde av professor Synnøve Matre i samarbeid med Nynorsksenteret.



NYNORSKSENTERET
NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA